

KOMMISJONSVEDTAK

2007/EØS/16/03

av 14. mai 2003

om oppheving av vedtak 98/399/EF om godkjenning av planen framlagt av Italia for utryddelse av klassisk svinepest hos viltlevende svin i provinsen Varese(*)*[meldt under nummeret K(2003) 1527]***(Berre den italienske teksta er gyldig)**

(2003/362/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾, særleg artikkel 16 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I 1997 vart det stadfesta utbrot av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i provinsen Varese i Italia.
- 2) Ved kommisjonsvedtak 98/399/EF av 8. juni 1998 om godkjenning av planen framlagt av Italia for utryddelse av klassisk svinepest hos viltlevende svin i provinsen Varese⁽²⁾ vart det godkjent ein plan for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin.
- 3) Italia har lagt fram opplysningar som viser at det har lukkast å utrydde klassisk svinepest i provinsen Varese.
- 4) Dei italienske styresmaktene vil halde fram med å føre nøy kontroll med klassisk svinepest hjå viltlevande svin, innanfor ramma av det programmet for utrydding og overvaking av smittsamt blæreutslett hjå gris og klassisk svinepest som er godkjent ved kommisjonsvedtak 2002/943/EF av 28. november 2002 om godkjenning

av program for utrydding og overvaking av visse dyresjukdommar og for førebygging av zoonosar, som medlemsstatane har lagt fram for 2003⁽³⁾.

- 5) Vedtak 98/399/EF bør difor opphevast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedtak 98/399/EF vert oppheva.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Republikken Italia.

Utfjerda i Brussel, 14. mai 2003.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 124 av 20.5.2003, s. 42, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 92/2004 av 9. juli 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 65 av 23.12.2004, s. 3.

⁽¹⁾ TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5.

⁽²⁾ TEF L 176 av 20.6.1998, s. 36.

⁽³⁾ TEF L 326 av 3.12.2002, s. 12.